



Møtereferat

Møte: Påskemøte 2023
Møteleiar: Jan Dagfinn Dalen
Referent: Eirik Birkeland
Kopi:

Møtedato: 05.04.2023 Tid: 09:00-11:00
Møtestad: Hovden Grendehus
Referat dato: 11.04.2023

Til stade:

Frå Bykle kommune:
Jan Dagfinn Dalen – Ordførar
Hans Blattmann – Leiar planutval
Karina Sloth – Kommunedirektør
Signe Sollien Haugå – Plansjef
Eirik Birkeland – Tenesteleiar Teknisk drift- og eigedom

Andre:

Unn Hovden – Dagleg leiar Destinasjon Hovden
Torvald Gautland – Dagleg leiar BHV (BNU/Hovden Løypekjøring etc.) og medlem i Bykle og Hovden Fjellredning.
Heidi Sørensen – Kristiansand Røde Kors.
Torolv Frøysaa Lie – Sokneprest Valle/Hylestad/Bykle
Signe Lillemo Mundal – Nestleiar Bykle Sokneråd
Dag Hovden – Valle og Bykle Politistasjon
Jan Willy Føreland – Leiar ressursgruppa for hyttevelforeiningane

1. Innleiing

Ordførar innleia påskemøtet og informerte om opplegg og agenda.

2. Info frå Politiet v/Dag Hovden

Dag Hovden informerte om politiet i Setesdal og opplegg i påska.

3. Info frå Kyrkja og soknerådet v/Toralv Frøysaa Lie og Signe Lillemo Mundal

Soknepresten fortalde om kyrkjene og kyrkjehistoria i Bykle og på Hovden.
Kyrkja ønskjer å informere om at kyrkja er for alle, også for hyttebyklarar. Kyrkja ønskjer å bygge nettverk med både lokale og hyttefolk.
Ein prøver å legge til rette for eit nettverksmøte i haust med velforeiningar/lokale.
Soknepresten informerte også om påskens kyrkjeprogram.

4. Info frå Røde Kors v/Heidi Sørensen

Ein fortalde om vaktteneste og Røde Kors sitt opplegg i påsken på Hovden.

Røde Kors informerte også om offisiell opning av fjellsikringscenter på Hovden skjærtorsdag kl. 13.30 med kaffe og blautkake. I tillegg blei det informert om opplegg på Juvet i påsken.

5. Info frå Bykle og Hovden Fjellredning v/Torvald Gautland

Torvald Gautland informerte om Bykle og Hovden Fjellredning, deira oppgåver og hendingar i den siste perioden.

Det blei også informert noko om gjennomført skredøving på Geiskelid og opplegg på Hovden Tour.

Fjellredningsgruppa oppmodar om å vise respekt i skiløypa når ein kjem med snøscooter. Dei er ikkje der for moro, men for å hjelpe nokon.

6. Info frå Hovden Løypekjøring v/Torvald Gautland

Ein informerte om generell drift- og vedlikehald av løyper i kommunen.

Hovden Hytteservice har anbodet med løypekøyringa, og dei er no i sitt tredje av fem år, men opsjon 1 + 1 år. Løypekøyringa er godt nøgd med samarbeid med Hovden Hytteservice, og ein opplever at også brukarar er nøgde.

Hovden Løypekjøring har jamlege møter med ressursgruppa for hytteveiv for å informere og få innspel frå dei.

Det blei også informert om løypebidrag. Kommunen ytar ca. 4,3 mill kr. til løypekøyring, resten må komme frå løypebidrag. Ein ser også at konsumprisindeksen aukar og at ting kostar meir enn før.

Det har kome spørsmål om det kan sendast ut faktura for løypebidraget. Dette lar seg dessverre ikkje gjere då dette bidraget er frivillig og det er svært mange å sende ut til. Det er heller ikkje mogleg å gje ut info om kven som har betalt og ikkje betalt, mellom anna grunna GDPR.

Hovden Løypekjøring ønskjer gjerne innspel, men kom gjerne med dei på via e-post til torvald@badeland.com

Spørsmål frå salen:

- *Det blei nemnt at folk er nøgd med løypene, men ein opplever noko misnøye i midtregionen med at dei adaptive løypene no er avslutta, då spesielt løype frå Nordli til Berdalen.*

Har rapport angående dei adaptive løypene blitt lest og kva tenkjer ein om vidare drift her?

Svar: Adaptive løyper-prosjekter er no avslutta, og det er dessverre ikkje moglegheit til å køyre opp løypene pr. no. Ein vil arbeide for å sjå på moglegheiter for å kunne opne løypar igjen i framtida.

- *Kor lenge gjeld løypeavtalane som no er inngått med grunneigarane?*

Svar: Alle avtalar er på 5 år bortsett frå ein. Denne er berre inngått for eit år.

7. Info frå Destinasjon Hovden v/Unn Hovden

Ein informerte noko om Destinasjon Hovden og kva for arbeidsoppgåver dei har. Det blei også informert noko om aktuelle prosjekter og arrangement, mellom anna: Viking og Villrein og Vintervandrarveg. Sjå også «Kva skjer» på www.hovden.com

Destinasjon Hovden har tatt over drift av Coworx på Hovdetun. Her er det kontorplassar, cellekontorar og møterom som kan leigast.

Destinasjon Hovden sendar jamleg ut nyheitsbrev. Gå inn på hovden.com for påmelding.

Ein informerte også noko om Visit Setesdal, prosjekt angående berekraftig reisemål og kva hyttebuarar kan gjere i den samanheng.

Det meldast stadig om at skibussen på Hovden saknast. Kommunen og Destinasjon Hovden har jobba med dette og konkludert med at det ikkje er forsvarleg å oppretthalde tilbod då bussen gjekk mykje tom samt at ein hadde utfordringar med å finne sjåførar. Ein visar til AKT Svipp som AKT prøvar ut i Bykle. Her kan ein bestille turar frå og til stadar i Bykle for ein rimeleg penge. Dette er ein prøveordning som går måndag og torsdag 08:30-14:30, men ein håper på ei framtidig utviding.

Spørsmål frå salen:

- *Er Viking og Villrein ein årleg aktivitet*

Svar: Ja, det er årleg. I år vil det vere den 7. oktober.

- *Det er dårleg forbindelse frå Haukeli til Hovden. Er det noko dialog for å gjere dette betre?*

Svar frå Karina Sloth: Det er alltid dialog med Setesdal Bilruter, men det er eit stort problem med å få tak i sjåførar. Her og no er tilbodet slik det er.

Unn Hovden informerer også om tilbod aust/vest og korrespondanse med transport til Hovden som ikkje blei fanga opp av appane. Dette skal no vere retta opp i. Bruk www.entur.no eller Entur-app for å finne alle ruteforbindingar til/frå Hovden.

8. Status planarbeid v/Signe Sollien Haugå og Hans Blattmann

Ein informerte om sti- og løypetiltak i kommuneplanens arealdel. Alle løyper er konsekvensutgreia. Nokon løyper blei det innsigelsar på men ein fekk lov å køyre dei som adaptive i nokon år. Dette prosjekter er no avslutta og ein har ikkje lov å køyre dei adaptive løypene meir.

Kommunen har arbeida med sommarløyper. Mellom anna er det sett på ny rundløype rundt Harteavatn. Denne blei lagt på is då det ikkje var interesse blant grunneigarane. Ein ser også på gang- og sykkelsti/tursti langs Harteavatn frå Hegni til Badstogviki, og jobbar no med ein moglegheitsstudie.

Det er ønske om sykkelløype frå Badstogdalen til Hartevasstjønn. Dette er også noko ein undersøker i samband med reguleringsarbeid.

Skiløyper: Det er tilsett ein student som skal gå inn og sjå på alle ønskjer som er kome inn av løypetiltak. Det skal lagast tiltakskort med kostnader og ansvar i samarbeid med Hovden Løypekjøring.

Elles er det noko forvirring rundt begrepa løypeavgift, løypeavtale og løypefond og forskjellane på disse.

Løypeavgift: Går til drift av løypemaskinar. Ca 4,3 løyvast frå kommunen, resten kjem frå frivillige bidrag.

Løypeavtaler: Er godtgjering til grunneigarar for å ha løype på deira eigedom.

Godtgjeringa er pr. no 3,8 kr/m på eigedomar det ikkje er høve å bygge ut, og 1,5 kr/m der det er høve å bygge ut.

Løypefond: Er bidrag frå utbyggjarar gjennom utbyggingsavtaler. Skal nyttast på infrastruktur og fellestiltak.

Ein informerte også om rekkefølgekrev og at ein på den måten vil sikre realisering av felles infrastrukturtiltak i delområda Midt-regionen og Hovden.

Info vegarbeid:

Ny rundkøyring på toppen av Hovdekleiva har vore på anbud og er no tildelt. Arbeid med denne startar i vår.

Det føregår utbygging på riksveg 9. Neste del er Byklestøylane og oppover som skal ut på anbud etter påske. Kommunen har godt samarbeid med Statens Vegvesen og regionale myndigheiter.

Det er regulert ein mindre rundkøyring i krysset Skisentervegen/Breivevegen.

Ein arbeidar også med kulvert under veg ved Nordli for samankopling av skiløyper.

Eigne normer/praksis: Det er utarbeida kommunal vegnorm som ligg på kommunens heimeside.

Ein har arbeida med ny ljosstrategi etter initiativ frå Nylund Park velforeining.

Det er intensjon om utarbeiding av utomhusplan på dagparkering sør i lag med Hartevasnuten velforeining.

Framover må ein også pårekne utvikling mot meir berekraftig hyttebygging, mindre tomter, mindre terrenginngrep.

Dagsturhytter: Det er etablert ny dagsturhytte på Jarekollen i Bykle, og arbeid med ny dagsturhytte på Hovdenuten kjem i gang no i vår.

Til slutt nemnast ei utfordring kommunen har. Det er få innbyggjarar og mange hytter. Ein skal leggje samfunnet til rette for både deler noko som kan vere krevjande. Er det ikkje akutte ting så bør ein kanskje oppsøke helsetenester heime og ikkje på hytta, dette for å unngå meirarbeid for ein allereie belasta helseteneste.

Spørsmål frå salen

- *Saknar informasjon om sluttrapport i samband med dei adaptive løypene. Det er i sluttrapporten veldig få innvendingar mot å la prosjektet fortsette. Det er stort sett innvendingar i samband med reinsdyr.*

Ein er forundra over at ikkje rapporten nemnast og løypane ikkje kan takast opp igjen. Kommentar til dette, og er det noko det arbeidast med?

Svar frå Hans Blattmann: Har ikkje lest rapporten enda. Ein ønskjer å oppretthalde løypane, og kjem til å jobbe med dette. Men pr. no kan løypane ikkje køyrast.

- *Kan kommunen seie noko meir om kulvert ved Ørnefjellskrysset.*

Svar: Plansjefen informerte noko meir om dette.

9. Info frå Teknisk drift og eigeidom v/Eirik Birkeland

Tenesteleiar informerte om VA-prosjekt ein har arbeida med i 2022, kommande VA-prosjekt og noko annan VA-informasjon.

Hovden Vassverk er det store VA-prosjektet no. Dette er noko forsinka grunna ulike grunnar, men nærmar seg no ferdig. Det er framleis god kapasitet på det gamle anlegget.

Det minnst også om organiseringsplikt for private VA-anlegg. Gjeld anlegg bygga etter 01.11.2020.

Ein informerte om kommunale normer innan VA og veg og kommunal overtaking.

Det arbeidast også med å få på plass belysning i Markens opp mot vassverket.

Og ein minner også om parkering i fjellparken ved sherpastien til Hovdenut. Ein ønskjer at flest mogleg parkerer ved Hovden Alpinsenter fram til ein har funnet ein meir permanent løysing i Fjellparken.

10. Info frå ordførar

Ordførar informerte om strategisk næringsplan. Ein ønskjer gjerne at hyttefolk også kjem med innspel på denne. Næringssejef Ina Kjølsvedt kan i så fall kontaktast.

Ei etappe i Tour of Norway skal i år ha målgang på Hovden. Fint viss hyttefolk engasjerer seg både langs løypa og i sentrum. Målgong er ved alpinsenteret. Dato er 27. mai. Deler av sentrum vil i periodar vere stengt, også riksveg 9 over fjellet.

Bykle kommune har fått kommunal informasjonsapp: CIVIS. Denne anbefalast det å installere.

NM-2025: I samband med at Hovden har fått NM på ski i 2025 ønskjer ein å sjå på moglegheiter for utleige av hytter i denne perioden.

Spørsmål frå salen:

- *Tverrfjellgrenda. Her var det gode løypar i fjor, men dårlegare i år. Kan du seie noko om dette. Er problematikken rundt løypene løyst? Det manglar føreseielegheit.*

Svar: Alle grunneigarane i området har likelydande løypeavtaler som varer 5 år, bortsett frå ein som gjeld berre for eit år.

Villreintrekk er ein del av standardavtalen. Løyper skal køyrast på ein bestemt måte i dette området.

Så er problematikken også at nokon grunneigarar ikkje har utbyggingsmoglegheiter og at dei meiner dei får for lite kompensasjon i høve til dei som har utbyggingsmoglegheiter. Det kjem sak på dette etter sesongen. Det kan medføre auka kostnader og auka løypeavgift.

Kommentar frå Jan Willy Føreland: Viktig å respektere rein. Er også viktig å jobbe med adaptive løypar. Det er minst 4 stader der trekk går over løyper. Er det fare for meir stenging av desse løypene?

Fleire vil betale dersom det er føreseielegheit i høve til løypene.

Svar: Tiltaksplanar er ferdig i desember. Ønskeleg å ha føreseielegheit, men det som skjer med villrein er ikkje berre i våre hender. Viktig at ein spelar på lag og finn løysingar alle kan leve med.

- *Kan kommunen formidle kontonummer sånn at hytter i dei hyttevela der dette ikkje er ein del av årskontigenten også kan betale?*

Svar frå Torvald Gautland: Info om dette på følgjande lenkje:

<https://hovden.com/vinteraktiviteter/langrenn/loypepreparering/>

- *Sykelsti/tursti langs Hartevatn. Det er ønskjeleg at denne ligg på hyttesida grunna trafikksikkerheit. Er det mogleg å nytte gammal Riksveg for dette formålet?*

Svar: Det er dialog med Vegvesenet for å sjå på behovet. Men i høve til trafikkbelastning/fast busetnad/ikkje skuleveg er det ikkje bruk for dette frå Vegvesenets side. Kommunen må sjå på dette, og ein har no ein forstudie gåande.

11. Info frå ressursgruppa for hyttevel v/Jan Willy Føreland

Gruppa ønskjer å bidra og vere pådrivar til å finne løysingar rundt adaptive løyper og reinsdyrproblematikk.

Skal løypeavgiftane aukast så må det ein vere trygge på gode løyper. Det er ei frykt for at løypekvaliteten blir redusert grunna villrein og grunneigarar. Må finne gode løysingar der ein tar omsyn til både deler.

Hovden 11.04.2023

Eirik Birkeland

Tenesteleiar Teknisk drift- og eigedom